



Quantus skal døypast 3. mai. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag 3. mai skal trålarer Quantus døypast på Eidsvik Skipsbyggeri, vart det opplyst på basaren til Uskedal skulemusikk søndag ettermiddag.

Skulemusikken har fått førespurnad om å vera med og kasta musikalsk glans over dagen og svaret er ja sjølv om musikken har eit hardt program i april og mai, opplyste basarleiar Thor Inge Døssland.

No er det ei stund sidan førre dåpen hos Eidsvik. Den førre båten dei bygde, Knester, vart døypt i Bekkjarvik der han høyrer heime, i juni i fjor. Quantus skal leverast til Skottland.